

# Velkommen som MINI\*konfirmant 2020!



## Til 5. klassingar med føresette i Høyanger

No er det 10-11år sidan de døypte borna dykkar. I dåpen gav de ein lovnad om å oppseda barnet i den kristne forsaking og tru.

Som minikonfirmant vil borna få lære litt meir om kva dei vart døypte til. Minikonfirmasjonsopplegget består av **fire samlingar og weekend** på Alværa.. I tillegg er det bibelutdeling og avsluttande gudsteneste. Sjå oversikten.

Samlingane vert i **Høyanger kyrkje 4 fredagar rett etter skuletid – frå 12.30 til 14.00.**

Dersom kyrkja er oppteken, vert samlingane på bedehuset.

På samlingane skal vi lære om Bibelen, dåpen, bønna, nattverden og Jesus ved å gjere, høyre og prøve. Vi skal også leike og ete litt frukt. Hugs å ta med bibelen på samlingane.

**17.-19. april** er det **minikonfirmantweekenden** på Alværa. I tillegg til minikonfirmantar frå Høyanger kommune, vil du møte minikonfirmantar frå Lavik, Solund, Hyllestad, Gulen og Balestrand. Meir informasjon om weekenden og pris på den kjem seinare.

*Første samling vert alt **fredag 7. februar** - altså før du får bibel.*

Håper også at alle minikonfirmantane har høve til å vere med tårnagentgudstenesta **9. februar.**

Då vil du få bibel. Sjå eigen invitasjon.

*Veit de om nokon som ikkje ha fått invitasjon, inviter dei med.*

**GUDSTENESTE i Høyanger kyrkje søndag 9. februar kl. 11.00**  
**Tårnagentgudsteneste. Utdeling av bibel.**

**Samling 1**  
Fred 7. febr  
12.30 til 14.00  
Møt i kyrkja

**Samling 2**  
Fred 29. febr.  
12.30 til 14.00  
Møt i kyrkja

**Samling 3**  
Fred 13. mars  
12.10 til 14.00  
Møt i kyrkja

**Samling 4**  
Fred 27. mars  
13.15 – 14.45  
Møt i kyrkja

**WEEKEND PÅ ALVÆRA 17.-19. april**  
Tema: MISJON & PÅSKE

**Minikonfirmantavslutning er ikkje bestemt enda. Men då vil du få diplom og ein perm med alle songar og det vi har jobba med.**

Håper at alle har lyst til å vere med!!!

**Toril Lange ( kyrkjelydspedagog) (922 40 966), Andreas Ester (prest) og Heike Müller.**  
**Påmelding** til minikonfirmantopplegget til Toril på sms eller på første samling.